



Til  
Alle NAV kontor i Møre og Romsdal

## **Invitasjon til opplæring i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. Siste del av trinn 2**

Rundskrivet til lov om sosiale tenester i NAV blei ferdigstilt i juni 2012 og Fylkesmannen har fått i oppdrag å tilby opplæring i lov, forskrift og rundskriv.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har saman med representantar for fylkesmennene laga ein opplæringspakke, som er delt inn i to trinn. Trinn 1 var ei generell innføring i lova, forskriftene og rundskrivet, samt opphaldskommunen sitt ansvar og reglane for sakshandsaming. Denne blei gjennomført hausten 2012.

### **Trinn 2 – 2013 ei fordjuping i:**

- A. Kvalifiseringsprogrammet (KVP) med tilhøyrande stønad (§§ 29 – 40) (1 dag)
- Målgruppe for denne dagen var tilsette på NAV-kontoret, som arbeider med lov om sosiale tenester i NAV, særlig KVP- rettleiarar.  
Gjennomført i februar og mars 2013
- B. Lova sitt virkeområde og resten av dei individuelle tenestene i kapittel 4:
- **Lova sitt virkeområde (§ 2), Forskrift om sosiale tenester for personer utan fast bopel i Norge.**
  - **Opplysning, råd og rettleiing (§ 17)**
  - **Økonomisk stønad (§§ 18 – 26)**
  - **Midlertidig bustad (§ 27)**
  - **Individuell plan (§ 28)**

Vi har kome frem til at resten av trinn 2 vert gjennomført over 2 dagar (i staden for 4).

Målgruppa for desse dagane er tilsette på NAV-kontoret som arbeider med lov om sosiale tenester i NAV, samt andre på kontoret som bør kjenne til dette lovverket.

### **Vi tilbyr 4 like to-dagars kurs på alternative kursstader:**

**15 - 16. april** i Molde. Quality Hotel Alexandra

**24 - 25. april** i Ålesund. Scandic Hotel Ålesund

**28 - 29. august** i Ulstein. Quality Hotel Ulstein

**25 - 26. september** i Kristiansund. Quality Grand Hotel Kristiansund

Vi avgrensar til 100 deltakarar på kvart kurs. Dersom det blir for mange påmeldte på ein kursstad, vil vi ta kontakt med den det gjeld for eventuell bytta av stad. Vi ønskjer primært at deltakarane melder seg på næraste kursstad. Samtidig tar vi høgde for at nokon på kvart kontor må reise litt lenger for å unngå å «tømme kontoret».

Vi ber alle kursdeltakarane repetere Trinn 1 og lese igjennom «Rundskriv. Hovednr. 35 – Lov om sosiale tenester i NAV». Det finns på [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no), i standard for arbeidsretta brukeoppfølging og på [www.nav.no](http://www.nav.no). Ta gjerne med papirutgåva du fekk utdelt sist, husk likevel at lovverk er «ferskvare».

**Finansiering:** Gratis for målgruppa. Fylkesmannen dekkjer overnatting frå dag 1 til dag 2 for dei som har lang reiseveg og ikkje kan delta på kurs i næraste by. Ekstra overnatting natta før dag 1, må den einskilde dekkje sjølv.

**Elektronisk påmelding** på: [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no) Vel Møre og Romsdal, nedst på sida finn du «kurs og konferansekalender» trykk på den. På høgresida vil kurset ligge under «Kommande» eller «Helse- og omsorg».

Her er direkte link til kurs og konferansekalenderen vår: <http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/>

**Felles påmeldingsfrist vårens kurs:** Fredag 22. mars

**Felles påmeldingsfrist haustens kurs:** Fredag 9. august

Spørsmål om påmelding kan rettast til e-post: [fmmkurs@fylkesmannen.no](mailto:fmmkurs@fylkesmannen.no). Eventuelt ta kontakt med Kjellaug Flusund Finnøy 71 25 80 67 eller vårt servicekontor 71 25 84 53

For nærare informasjon om kurset kan du ta kontakt med:

Seniorrådgjevar Eilin Reinaas. E-post [Eilin.Reinaas@fylkesmannen.no](mailto:Eilin.Reinaas@fylkesmannen.no) tlf 71 25 84 18

Rådgjevar Kjell Iversen. E-post [Kjell.Iversen@fylkesmannen.no](mailto:Kjell.Iversen@fylkesmannen.no) tlf 71 25 85 29

Rådgjevar Oddhild Johnsen. E-post [Oddhild.Johnsen@fylkesmannen.no](mailto:Oddhild.Johnsen@fylkesmannen.no) tlf 71 25 84 53

Med helsing

Marit Hovde Syltebø (e.f.)  
Seksjonssjef

Oddhild Johnsen  
Rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg: Førebels program

Kopi:  
NAV Møre og Romsdal  
Alle kommunar i Møre og Romsdal

**Førebels program**

<b>Tid</b>	<b>Innhald</b>
Dag 1 09.00 – 16.30	Lova sitt virkeområde og individuelle tenester i kapittel 4
Dag 2 09.00 – 16.00	Lova sitt virkeområde og individuelle tenester i kapittel 4
	<p><b>Etter desse to kursdagane skal du:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• vite kven som er omfatta av loven og forskjell mellom å ha fulle og avgrensa rettar og kjenne innhaldet i forskrift gitt til lovens § 2</li> <li>• vite kva som ligger i tenesta «opplysning, råd og rettleiing» og når og korleis det skal fattast vedtak etter § 17</li> <li>• vite når stønad til livsopphold er en rettigheit og kva som ligger i omgrepet «forsvarleg livsopphold»</li> <li>• vite kva som skal ligge til grunn for vurdering av eit hjelpebehov</li> <li>• vite kva som ligg i omgrepet naudhjelp</li> <li>• vite når og korleis det kan settast vilkår til økonomisk stønad</li> <li>• kjenne til dei ulike stønadsformene</li> <li>• kjenne til følgjene av at det er gitt feil opplysningar</li> <li>• kjenne til reglane for refusjon</li> <li>• kjenne til retten til midlertidig bustad</li> <li>• kjenne til reglene rundt individuell plan (IP)</li> </ul>